



Det trengst vedlikehold på gjerde i Busslomma

Kommunalt vedlikehold er ein gjengangar på nettsida. Redaksjonen prøver å ta fram det som er positivt som t.d. stell av blomebeddet i sentrum og slåttan på kyrkjegarden. I dag tek vi fram to døme på manglande kommunalt vedlikehold. Det gjeld nedrive gjerde i Busslomma og sjøledning i Stølavikjo som ikkje er nedgreven og belasta.



Ein av tre sjøledningar på Stølavikjo ligg i overflata.

Gjerde i busslomma er meldt inn som sak til ansvarleg Hardeland på Tekniske tenester. Frå Uskedal utvikling si side reknar ein med at skaden er retta til skulestart.

På Stølavikjo vart det lagt ned tre sjøledningar som ein del av arbeidet med nytt reineanlegg frå Beinavikjo gjennom Holmsund og vidare til Børneset. Ein ledning vart graven ned gjennom Holmsund og inn til pumpestasjonen ved skulen. Utgåande ledning går mot reinsestasjonen på Børneset. I tillegg er det ein overløpsledning som går ut på djupt vatn. Overlopet skal vera i fall driftsstans. Ein av desse lednignane ligg synleg i stranda og deler av kabelen er flotna opp. Kabelen må gravast ned eller belastast.

Det er Ivar Kåre Døssland som fortel dette. Han var i si tid prosjektleiar for tiltaket med kloakkrensing i Uskedalen. No ligg saka i kommunen sin driftsavdeling. Saka er meldt inn til ansvarleg Egil Eide.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal